

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år(jf. Pbl. § 96).

Avdelingssjefen gjer merksam på at ingen fysiske tiltak må setjast i verk før det ligg føre godkjent igangsettingsløyve for det aktuell faget.

**Godkjenningar (Pbl §§ 93 b, 98 og 98 a )**

*Arkitekt Knut Willie Jacobsen, 5912 Seim, vert godkjent som ansvarleg SØK og som ansvarleg føretak for PRO/KPR bygningstekniske.*

*Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).*

for avdelingssjefen

Tore Svendsen  
sakshandsamar

Kopi: Bjarte Alvær, Kyrkjevegen 20, 5911 Alversund



LINDÅS KOMMUNE  
Areal- og miljøavdelinga  
5914 Isdalstø

Arkiv: 137/687  
Saksmappe: 04/01243-6  
Sakshandsamar: Tore Svendsen

Arkitekt Knut Willie Jacobsen  
Garvik,  
5912 SEIM

## ARKIV

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
323/04	<i>Delegert sak handsama av avdelingssjefen</i>	13.08.2004 13.08.04

### Byggjesak - Bustad - Nybygg. Rammeløyve Bjarte Alvær - Gnr 137 Bnr 687 Alver

#### Dokument :

Søknad om rammeløyve, motteken(komplett) 03.08. 2004.

- teikningar m/ terrengprofil i målestokk 1:100
- situasjonsplan i målestokk 1: 1000
- kvittering for send nabovarsel
- søknad om ansvarsrett
- brev til arkitekt vedk. eksponering av bygningen

#### Saksutgreiing :

Søknaden gjeld rammeløyve for oppføring av bustadhus over 3 plan. Bustadplassering og høgd er justert i høve opphavleg søknad.

Avdelingssjefen har munnleg godkjent tiltaket og gjeve løyve til å starte støyping av grunnmur 06.08.04.

Løyve til å planere ut tomta vart godkjent som sak 156/04, 13.05.04.

#### Vurdering:

Det er ingen merknader til tiltaket slik det er framstilt i revidert søknad dagsett 03.08.04.

#### Vedtak:

Søknaden om rammeløyve etter plan- og bygningslova § 95a, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Byggjet skal plasserast med o k golv lågaste nivå, på kote + **12.70**.  
Kontroll av plassering i h t situasjonsplan dagsett 11.05.04, motteken 03.08.04 og høgd skal dokumenterast av kontrollansvarleg før murerarbeida vert sett i gong (pbl § 70 nr.1).
2. Egedomen (bygget) skal knytast til offentleg leidningsnett.  
I samsvar med sanitærreglementet for Lindås kommune skal søknad og melding om utføring sendast til teknisk etat på særskilt skjema vedlagt turvande planer.
3. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).